

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FE - 151	14/470

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
049/2014	Formannskapet	PS	11.11.2014
004/2014	Eldreråd	PS	24.11.2014
004/2014	Rådet for funksjonshemma	PS	24.11.2014
005/2014	Arbeidsmiljøutval	PS	24.11.2014
011/2014	Administrasjonsutvalet	PS	24.11.2014
047/2014	Kommunestyret	PS	11.12.2014

Budsjett og økonomiplan 2015-2018

Forslag til vedtak:

1. Modalen kommune sitt budsjett for 2015 og økonomiplan for 2015-2018 vert vedteke slik det ligg føre
2. Liste over småinvesteringar i budsjettdokumentet vert godkjent og skal innarbeidast i talbudsjett og rammer for 2015
3. Eigedomsskatt 2015
 - a. For eigedomsskatteåret 2015 vert det skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk, jfr eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c.
 - b. Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.
 - c. Eigedomsskatten for 2015 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25
 - d. Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsama klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.
4. Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 500 000 for 2015. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmannen legg fram sak om budsjett og økonomiplan 2015 – 2018 til handsaming i formannskapet. Formannskapet skal handsame framlegget og gje innstilling til vedtak i kommunestyret.

Vurdering

Det vert vist til budsjettdokumentet, med kommentarar og tabellar.

Den viktigaste hendinga som vil påverke både drift og investering i åra som kjem, er ein sannsynleg inntektsreduksjon når det gjeld eigedomsskatt på kraftproduksjonsanlegg. BKK har gjeve prognosar for åra som kjem som syner sterk inntektsreduksjon. Rådmannen vil føreta ei kvalitetssikring av tala, og har engasjert LVK i arbeidet. Uansett utfall vil det vere stor sannsynlegheit for at den økonomiske situasjonen framover vil verte strammare. Dersom prognosane frå BKK er korrekte, vil det verte eit stort inntektsbortfall og stort behov for å justere driftsnivået og utgiftssida i budsjettet.

Det må såleis startast eit arbeid i høve til kutt/justeringar med sikte på å balansere drifta og såleis kompensere for lågare inntekt. Med slik framtidsutsikt, vil det verte mykje vanskelegare å klare gode driftsresultat med stor avsetjing av midlar til fondskapitalen for finansiering av investeringar. Med framskriving av drift og investeringar i planperioden slik som i framlegget, vil fondsmidlane verte brukt opp i planperioden. Dei 2 siste åra vil det verte nødvendig med låneopptak for å finansiere investeringane.

Konklusjon

Det er utsikter for strammare økonomi utover planperioden. Det er venta at eigedomsskatteinntekta vil verte mykje redusert, med størst effekt dei siste åra av planperioden, men òg med verknad frå 2015. Rådmannen legg fram budsjett og økonomiplan for planperioden og synleggjer eit behov for å justere/tilpasse drifta til eit redusert inntektsnivå. Med tanke på stor inntektsreduksjon frå eigedomsskatt utover i planperioden, er det viktig at det vert sett i gong prosessar med gjennomgang av drifta for å finne mest mogleg tenlege løysingar, både for 2015 og vidare i planperioden.

Formannskapet - 049/2014

FOR - behandling:

Rådmannen orienterte om føresetnader for inntekter, utgifter og tenestnivå som ligg til grunn for budsjett og økonomiplan.

Rådmannen orienterte om sitt framlegg til småinvesteringar og investeringar for 2015.

Rådmannen opplyste om at budsjetttramma til teknisk etat kunne korrigerast ned med kr 250.000 (vikarutgifter reinhald) i høve utsendt driftsbudsjett for 2015.

Rådmannen sitt utsendte framlegg til driftsbudsjett hadde eit uspesifisert innsparingsbehov på kr 1.621.613 føreset innarbeiding av framlegg til småinvesteringar (totalt kr 1.060.000).

Rådmannen la i møtet fram slik liste med framlegg av tiltak til reduksjon av driftskostnader.

TILTAK	Verknad	KOMMENTAR
--------	---------	-----------

Ikkje lovpålagde tenester		
Tilskot til internett	236.000	200 kr/mnd pr. kunde - utgå
Stipend skuleelevar vg.skule	415.000	Reduserast / utgå
Til rådvelde formannskap	50.000	Budsjettpost utgå
Lærlinge-ordning	130.000	Ordning utgå
Aktivitetstilbod barn og unge	120.000	Lønnsmidlar til delstilling utgå
Redusere tilskot til kulturminnevern	50.000	Redusere budsjetttramme frå 150.000 til 100.000
Snøbrøyting/plenklypping		Auke eigenandel, avgrense til dei som får tildelt tenester i PLOMS
Bruk av næringsfondet		Endre regelverk, fokus på eksterne stønadsordningar
Lovpålagde tenester		
Auke gebyrsatsar på teknisk utover prisauke		
Auke betaling i barnehage til statleg fastsett maxpris	125.000	Kan trappast opp
Barnehage norm tilsette		Endre frå 6 til 5 born pr. vaksen
Barnehage - feriestenging		Barnehage/SFO stengt 2 veker
Modalstunet drift kjøkken		Utgreie behov for endring
Modalstunet drift vaskeri		Utgreie behov for endring
Tilskot til kyrkja		Redusere tilskot under 2014 nivå

Formannskapet tok ikkje stilling til rådmannen sine framlegg til innsparingstiltak i møtet.

Formannskapet tok ikkje stilling til uspesifisert salderingsbehov for økonomiplanperioden utover 2015.

Ordførar sette fram slik framlegg til saldering av uspesifisert innsparing for 2015:

Reduksjon av vikarutgifter reinhald: kr 250.000

Reduksjon av avdrag lån 2015 : kr 1.000.000

Reduksjon, som rådmannen skal fordele mellom ulike rammeomåde: kr 421.613

Sum reduksjon : kr 1.621.613

Ordførar sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FOR - vedtak:

1. Modalen kommune sitt budsjett for 2015 og økonomiplan for 2015-2018 vert vedteke med følgjande endringar føreteke av formannskapet
Reduksjon av vikarutgifter reinhald: kr 250.000
Reduksjon av avdrag lån 2015: kr 1.000.000
Reduksjon, som rådmannen skal fordele mellom ulike rammeomåder: kr 421.613
Sum reduksjon: kr 1.621.613
2. Liste over småinvesteringar i budsjettokumentet vert godkjent og skal innarbeidast i talbudsjett og rammer for 2015

3. Eigedomsskatt 2015
 - a. For eigedomsskatteåret 2015 vert det skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk, jfr eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c.
 - b. Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.
 - c. Eigedomsskatten for 2015 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25
 - d. Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsama klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.
4. Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 500 000 for 2015. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

Eldreråd - 004/2014

EL - behandling:

Rådmannen gjekk gjennom drift og investeringsbudsjett. Rådmannen svarte på spørsmål frå Eldrerådet, og kommenterte den økonomiske stoda.

Eldrerådet slutta seg til Formannskapet si innstilling til budsjett og økonomiplan for 2015 - 2018.

EL - vedtak:

Eldrerådet slutta seg til Formannskapet si innstilling til budsjett og økonomiplan for 2015 - 2018.

Rådet for funksjonshemma - 004/2014

RF - behandling:

Rådmannen gjekk gjennom drift og investeringsbudsjett. Rådmannen svarte på spørsmål, og kommenterte den økonomiske stoda.

Rådet for funksjonshemma slutta seg til Formannskapet si innstilling til budsjett og økonomiplan for 2015 - 2018.

Samrøystes

RF - vedtak:

Rådet for funksjonshemma slutta seg til Formannskapet si innstilling til budsjett og økonomiplan for 2015 - 2018.

Arbeidsmiljøutval - 005/2014

AMU - behandling:

Rådmannen orienterte om driftsbudsjett og investeringsbudsjett. Budsjett 2015 legg i hovudsak til grunn ei vidareføring av den drifta ein har hatt i 2014.

Samrøystes vedtak om å slutte seg til Formannskapet si innstilling til budsjett og økonomiplan for 2015 - 2018.

AMU - vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet slutter seg til Formannskapet si innstilling til budsjett og økonomiplan for 2015 - 2018.

Administrasjonsutvalet - 011/2014

AU - behandling:

Samrøystes

AU - vedtak:

Administrasjonsutvalet sluttar seg til formannskapet si tilråding i saka.

Kommunestyret - 047/2014

KS - behandling:

Notat frå teknisk sjef om "Øvre Helland vassverk" var sendt ut til kommunestyret på førehand av møtet, men også delt ut i møtet.

Rådmann og økonomisjef orienterte om føresetnader for budsjett og økonomiplanen.

Harald Farestveit sette fram følgjande framlegg frå Samlingslista til endring av investeringsbudsjett 2015:

Låssystem Modalstunet	- kr 600,000,- (0)
Oppgradering Ø.Helland vassverk	- kr 920,000,- (ny sum 2.450)
Oppgradering båthavn	- kr 600,000,- (0)
Utvendig vedlikehald av Bryggjeslottet	+ kr 330,000,-
Vedlikehald komm. uteområder	+ kr 140,000,-
Kunstgrasbane	+ kr 2,000000,-

Finansiering: Bruk av disposisjonsfond - kr 350,000,-
Solrenningslista ba om gruppemøte før avrøysting

Røysting: Samlingslista sitt endringsframlegg vart vedteke mot 4 røyster (Bjørn Helland, Terje Nygard, Arthur Farestveit, Frank Stian Steinsland)

Det vart deretter røysta over formannskapet sitt samla framlegg for budsjett og økonomiplan med endringar, som då vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

1. Modalen kommune sitt budsjett for 2015 og økonomiplan for 2015-2018 vert vedteke slik det ligg føre
2. Liste over småinvesteringar i budsjettdokumentet vert godkjent og skal innarbeidast i talbudsjett og rammer for 2015
3. Eigedomsskatt 2015
 - a. For eigedomsskatteåret 2015 vert det skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk, jfr eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c.
 - b. Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.
 - c. Eigedomsskatten for 2015 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25
 - d. Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsama klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.
4. Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 500 000 for 2015. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

Følgjande endringar vert å innarbeide i investeringsbudsjett og finansieringsplan:

Låssystem Modalstunet	- kr 600,000,- (0)
Oppgradering Ø.Helland vassverk	- kr 920,000,- (ny sum 2.450)
Oppgradering båthavn	- kr 600,000,- (0)
Utvendig vedlikehald av Bryggjeslottet	+ kr 330,000,-

Vedlikehald komm. uteområder	+ kr 140,000,-
Kunstgrasbane	+ kr 2,000000,-

Finansiering: Bruk av disposisjonsfond - kr 350,000,-

Vedlegg:

Talbudsjett 2015 -Ansvar - art - Rådmannen sitt framlegg

Søknad om tilskot til Mo sokn for 2015

Uttale frå Modalen IL Juli2014

Undervarmekunstgressbaner generelle kostnader 2014

Modalen kommune kunstgressbane

Kunstgress drift generelt kostnadsestimat

Kostnader for kunstgrasbane på idrettsbana på Mobøen

Budsjettdokument - Modalen 2015 og øk plan 2015-2018 - Formannskapet sin innstilling